



Blom Fiskeoppdrett AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/628 – 14/1711

Saksbehandlar:

Hans Kristian Dolmen

hans.kristian.dolmen@meland.kommune.no

Dato:

13.02.2014

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel sjø – Laksevika

Administrativt vedtak. Saknr: 12/2014

Saksutgreiing:

Saka gjeld:

Blom Fiskeoppdrett AS har i søknad stempla motteke 04.11.2013 søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i sjø gjeldande oppdrettslokalitet 10080 Laksevika. Dispensasjonssøknaden gjeld arealdisponering i sjø og ei utviding arealet for oppdrett, for tilpassing til vidare drift. Lokalitet er i bruk og søknaden er fremja av drivar Blom Fiskeoppdrett AS.

Drivar av anlegget og søkjar i denne saka har i samband med revisjon av kommuneplanens arealdel tidlegare levert innspel til arealplan om utviding av området avsett til akvakultur. Endeleg handsaming av arealplanen er forsinka, men drivar har behov for å få gjort snarlege avklaringar knytt til drifta av anlegget for 2014.

Arealet som i gjeldande arealplan er lagt ut til akvakultur er på om lag 30 da, medan søknaden gjeld ei utviding av arealet på om lag 12 da. I innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel er areal avsett til akvakultur kring lokaliteten auka til totalt om lag 115 da.

Plan- og lovgrunnlag:

Det følger av plan- og bygningslova (pbl) § 11-6 at tiltak ikkje må vere i strid med kommuneplanen. Området er sett av til arealføremål FFNF (fiske, ferdsle, natur, friluftsliv) i arealdelen til kommuneplanen. I slike område er det berre tiltak knytt til stadbunden næring som er lovleg. Omsøkte tiltak er derfor i strid med føremålet i kommuneplanens sin arealdel, og løyve til tiltaket er avhengig av dispensasjon etter pbl. § 19-2.

Søklar meiner at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova er oppfylt. Søklar skriv: Lokaliteten Laksevika har vore i produksjon sidan 1993, naudsynt med utskifting og modernisering av anlegget, eksisterande tilhøve når det gjeld bruk av sjøareal, forankring og aktivitet samt tidsfaktor og økonomi i høve til smoltutsett våren 2014. Det vert vist til søknaden i sin heilskap.

Nabovarsling:

Naboar er varsla ved høyringsbrev datert 03.01.2014, ingen merknader.

Høyringsfråsegner:

Dispensasjonssøknaden har vore sendt på høyring til Hordaland Fylkeskommune v/Regionalavdelinga og Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga, ved høyringsbrev datert 03.01.2014 og frist for merknad 24.01.2014. Det er ikkje motteke merknader til søknaden frå høyringsinstansane.

Vurdering:

Dispensasjon etter plan- og bygningslova kap. 1 og § 19-2

I pbl § 1-1 heiter det mellom anna: «Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte og, samfunnet og framtidige generasjonar».

Dispensasjon etter pbl § 19-2 krev at verken "hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering".

Det vil normalt ikkje vere høve til å gje dispensasjon når omsyna bak føresegna det vert søkt dispensasjon frå framleis gjer seg gjeldande med styrke jfr. Ot.prp.nr. 32 (2007-2008) s.242.

Det følger vidare av pbl § 19-2, 4. ledd at kommunen ikkje bør gje dispensasjon frå «planar, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8» dersom sektorstyresmaktene har rådd i frå å gje dispensasjon.

Søknaden er vurdert opp mot omsynet bak føresegnene det vert søkt om dispensasjon frå. Sentralt i administrasjonen si vurdering har mellom anna vore:

- Omsynet til kommuneplanen sin arealdel
- Nærleik til sjø og forbod mot tiltak i 100 m beltet i strandsona, pbl § 1-8
- Kvalitetar i landskapet
- Omsynet til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge
- Omsynet til natur, miljø og friluftsliv, m.a. naturmangfaldlova §§ 8 - 12


Kommuneplanen sin arealdel, byggjeforbodet i strandsona, kvalitetar i landskapet og omsynet til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge

Lokaliteten Lakseelva ligg på vestsida av Holsnøy i eit vidt og ope område av Herdlefjorden. I fjorden går det skipsled, men elles er store delar av fjordområdet lagt ut til det generelle arealbruksføremålet FFNF. I ei vurdering av dette arealbruksføremålet vil ei endring og mindre utviding av eksisterande akvakulturanlegg ha liten verknad og ikkje setje planføremålet vesentleg til side.

Denne type anlegg og krav til avstand og ferdsle vert vanlegvis respektert. Det er normalt også ei formell forbodssone for ferdsle kring denne type anlegg. Anlegget er eksisterande og har forankringsfeste i land. Forankringane er i strandsona og den vidare bruken vert ikkje endra.

Det berørte landarealet er i utgangspunktet ikkje særskilt tilgjengeleg, men ålmenta sitt høve for ferdsle vert ikkje endra. Etter den oversikt Meland kommune har er det ikkje særskilte registrerte naturverdiar på staden.

Eksisterande anlegg med arbeidsflåte som vestlegaste punkt (Bilete mai 2013 Meland kommune)




Plasseringa av anlegget er i hovudsak i tråd med gjeldande arealplan der lokaliteten er lagt ut til arealbruksføremålet akvakultur. Den generelle erfaringa for mange av dei kommunane som har lagt inn denne type næringsareal i arealplan er at dei er for små. Ein har i liten grad teke høgde for endring i utforming eller storleik på mærer, driftsform eller høve til utviding.

Ein dispensasjon og gjennomføring av tiltak som skildra i søknaden har ikkje verknader for helse, miljø, sikkerhet eller tilgjenge. I høve til miljø reknar Meland kommune det som ein føresetnad at eit anlegg som er i drift allereie skal oppfylle naudsynte krav og har driftssystem som skal sikre omgjevnadane mot forureining og rømming av fisk.


Dersom søknaden rører ved regionale rammer må det mest vere i positiv forstand ved å oppfylle ønskje om tilrettelegging for næringsutøving.

Eksisterende anlegg




- Eksisterende anlegg og plassering i høve til det areal som er lagt ut i gjeldende arealplan til område for akvakultur
- Ulike faktorer kan verke inn på den nøyaktige plasseringa (botntilhøve, forankringsposisjon m.m.)
- Arbeidsflåen i aust vert liggjande

Plan for endra anlegg



- Utsnitt frå motteken søknad der austlegaste punkt på anlegget (arbeidsflåten) skal ha plassering som i dag
- Utvidinga strekk seg mot vest
- Eksisterende anlegg strekk seg frå arbeidsflåten og om lag 160m mot aust
- Plan for endra anlegg strekk seg om lag 220m frå arbeidsflåten
- Forankring av hovuddelen av anlegget som i dag

Arealplan - eksisterende og framlegg til revidert



- Areal lagt ut til føremål akvakultur i gjeldende arealdel av kommuneplanen
- I samband med denne søknaden er det levert innspel til revisjon av kommuneplanens arealdel for ei utviding av arealet

Naturmangfaldlova §§ 8 – 12

I høve til den intensjonen og dei føremåla som lova om naturmangfald er meint å ta i vare ser ikkje administrasjonen at desse vert skada eller sett til side ved gjennomføring av omsøkte tiltak. I høve til prinsippa i §§ 8 til 12 om utøving av offentleg mynde gjev administrasjonen følgjande vurdering:

- Omsøkte tiltak er avgrensa både i innhald og omfang. Administrasjonen meiner at føreliggjande dokumentasjon gjev eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag (§ 8) som er på eit rimeleg nivå i høve til saka sin karakter
- Det ligg føre tilstrekkeleg kunnskap og det er ikkje naudsynt å leggje vekt på «føre-var-prinsippet» (§ 9), tiltaket vil ikkje føre med seg alvorleg eller uoppretteleg skade eller skape presedens for handsaming av tilsvarande saker
- Gjennomføring av omsøkte tiltak vil ikkje føre til auka belastning på naturmiljø eller økosystem (§ 10)
- I utgangspunktet ser ikkje administrasjonen at gjennomføring vil føre med seg kostnadar knytt til skade på naturmiljø, men det vil uansett liggje som ein føresetnad av tiltakshavar skal ta tilstrekkeleg omsyn og har ansvar (§ 11)
- Ved gjennomføring av tiltak ligg det til grunn i godkjenninga for det einskilde tiltaket at tiltakshavar pliktar å ta i vare miljø (§ 12), jf pbl §§ 28–8 og 29–8, jf TEK10 kap.9

Samla konklusjon:

Administrasjonen finn at omsynet bak reglane det vert dispensert frå eller omsyna i lovene sin formål, ikkje vert sett vesentleg til side ved å gje dispensasjon slik det er søkt om i dette høvet.

Vidare finn administrasjonen at føremonene ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samlag vurdering, jf pbl § 19–2.

Vidare saksgang

Dette vedtaket kan påklagast. Søkjar, part eller annan med rettsleg interesse har høve til å klage på vedtaket om å kome i møte søknad om dispensasjon. Klagen skal stilast til Meland kommune, som vidaresender den til Fylkesmannen i Hordland for endeleg avgjerd etter vedtak i Utval for drift og utvikling.

I tråd med gjeldande rutinar skal Fylkesmannen i Hordaland v/Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland fylkeskommune v/Regionalavdelinga ha tilsendt vedtaket for å vurdere om dei vil nytte klageretten sin når kommunen gjev dispensasjon.

Vedtak

"Meland kommune godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6 søknad om dispensasjon gjeldande bruk av areal i sjø ved oppdrettslokalitet 10080 Laksevika med følgjande vilkår:

- Plassering av anlegg skal gjerast som vist i mottekne søknad (vedlegg 2)*
- Frist for gjennomføring er 3 år, dersom tiltaket ikkje er satt i gang fell løyvet bort*

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor."

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9 påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket, jf forvaltningslova § 28.

Med helsing


Anny Bastesen
sektorsjef teknisk


Hans Kristian Dolmen
arealplanleggjar

Mottakere:

Blom Fiskeoppdrett AS

Ulvøy

5337

RONG